

Handlingsplan for å sikra elevane eit trygt og godt skulemiljø



14.09.2023


Kommunedirektør

Innhaldsliste:

1. Forord.....	3
2. Formål	4
3. Definisjonar på krenkande ord og handlingar	5
4. Førebyggjande og haldningsskapande arbeid	6
<i>På skulenivå.....</i>	<i>6</i>
<i>På klassenivå</i>	<i>7</i>
<i>På elevnivå</i>	<i>7</i>
5. Aktivetsplikta / Avdekking	9
6. Nulltoleranse og systematisk arbeid.....	9
<i>Rutinar for aktivetsplikt og tiltak</i>	<i>10</i>
Tilsett ved skulen krenker ein elev (§9A-5)	10
Tiltaksplan ved krenking av elev-elev	11
Aktuelle tiltak ved krenking av medelev:	11
7. Kontinuerleg, langvarig og systematisk arbeid.....	12

1. Forord

Hillestveit skule har fokus på trivsel, respekt og læring. Dette er verdiar heile skulen kjenner og arbeider kontinuerleg med. Det er tiltak for å fremja desse verdiane både i klassane, på steget og felles med alle i skolemiljøet.



Til grunn for denne planen ligg §9A i opplæringslova. Her vert det slått fast at skulen skal driva eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremja helse, trivsel og læring.

Det er eit mål at denne planen skal samla, systematisera og synleggjera desse tiltaka.

I arbeidet med denne planen er både elevar, foreldre og tilsette utfordra på innspel til tiltak for å sikre elevane sitt skolemiljø. Det er ein styrke og ein føresetnad for å lukkast.

Det viktigaste blir likevel korleis me får til arbeidet i praksis. Det krev innsats og godt samarbeid av alle partane; elevane, føresette og tilsette ved skulen og i SFO.

Ordensreglementet i Bømlo kommune og skulen sitt eige reglement er også verkemiddel for å nå målsetjinga om eit trygt og godt læringsfellesskap prega av trivsel og respekt.

Planen skal reviderast kvart år og handsamast i samarbeidsorgana ved skulen, med særskilt fokus i skolemiljøutvalet.

Hillestveit skule, september 2023

Torunn Hatlevik
Rektor

2. Formål

Opplæringslova §9A omhandlar elevane sitt skulemiljø;

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

Skulemiljø famnar både det fysiske og psykososiale. Skulemiljøet skal ha ein positiv verknad og gi den einskilde elev gode moglegheiter for helse, trivsel og læring.

Det er den einskilde elev si subjektive oppleving som er utgangspunktet for skulen si handsaming av opplæringslova §9a – «Elevane si arbeidsmiljølov.»

Målet vårt på Hillestveit skule er at me skal ha nulltoleranse mot krenking og mobbing, vald diskriminering og trakassering. Elevane våre skal ikkje bli utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, vald, rasisme eller utestenging.

Dette skal me oppnå ved:

- Å arbeida kontinuerleg og systematisk med elevane sitt skulemiljø
- At skulen, elevane og føresette samarbeider om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet
- Å ha ei tydeleg leiing som førebyggje, avdekke og handtere krenkande handlingar
- Å gjera alle tilsette medvitne om aktivitetsplikta som inneber at alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom der er mogleg

Denne planen omhandlar elevane sitt skulemiljø og byggjer på følgjande prinsipp:

Førebygging og haldningsskapande arbeid	Tiltak som reduserer risikoen for at elevar blir utsett for krenkande handlingar
Avdekking	Rutinar og metodar skulen nyttar for å avdekka om elevar blir krenka
Aktivitetsplikta og tiltak	Aktivitetsplikta, tiltak og rutinar for problemløysing. Forskrift for ordensreglement Bømlo kommune og skulen sitt eige ordensreglement
Kontinuerleg og systematisk arbeid	Skulen sitt systematiske arbeid for å sikra eit trygt og godt trygt læringsmiljø

3. Definisjonar på krenkande ord og handlingar

Mobbing inneber at ein eller fleire elevar seier eller gjer vondt og ubehagelege ting mot ein annan elev. Ved mobbing skjer dette gjentekne gonger, og den som blir utsett for det har vanskeleg å forsvara seg.

Utestenging betyr at nokon så godt som alltid blir haldne utanfor ei gruppe eller klasse.

Vald inneber at nokon bruker fysisk makt for å skade andre.

Rasisme inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, t.d. fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit anna språk.

Diskriminering betyr at ein person blir därlegare behandla eller trakassert, t.d. på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru hudfarge eller opphav.

Definisjonane er henta frå Utdanningsdirektoratet sin brosjyre om elevane sitt skolemiljø.

I elevundersøkinga brukar ein denne definisjonen:

Mobbing er gjentatt negativ eller vondsinna åtferd frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvara seg. Gjentatt erting på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing. Åtferda må finna stad to eller fleire gonger i månaden eller oftare for å vera mobbing.

Digital mobbing er eit veksande problem. Skulen må i samarbeid med heimen ha ein strategi i høve til førebygging og avdekking. Dette skal vera obligatorisk tema på elevsamtaalar og foreldresamtaalar.

4. Førebyggjande og haldningsskapande arbeid

§9a-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid:

«Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.»

Førebyggjande tiltak som er med og sikrar kontinuerleg og systematisk fokus ved Hillestveit skule:

På skulenivå			
Kva	Innhald	Når	Ansvar
SMART oppvekst	Haldningsskapande arbeid Programmet er i bruk på 1.-7.trinn	Faste økter med kontinuerleg fokus på alle trinn	Kontaktlærarar Alle lærarar Rektor/Skuleleiing
TL - leiarar	Trivselsfremjande- og haldningsskapande arbeid for barneskulen	Faste økter i friminutta	TL ansvarlege vaksne, TL leiarar Skuleleiing
MOT	Haldningsskapande arbeid i ungdomstrinnet	Faste økter i 8., 9. og 10. trinn	MOT coach Leiing
Inspeksjon	Synlege vaksne med vestar med skulen sine kjerneverdiar ute i friminutta.	Kvar dag - heile året	Lærarar/assistentar Leiing
Elevrådsarbeid	Jamlege møte med elevrådet. Elevmedverknad og uttale i saker som gjeld skulemiljøet	Ved behov og etter oppsett møteplan	Elevrådsansvarleg lærarar Rektor
Samarbeid med rådsorgana	Er med på alle FAU-møte. SU/SMU- tett kontakt og jamleg info	Etter oppsett møteplan	Rektor
Fokus på god klasseleiing	Samtalar i grupper på tvers og i team med jamne mellomrom	Fellestid Teamtid	Skuleleiing Teamleiar
Sosiallærarar - ungd.skule og barnetrinn	Eigen stillingsinstruks. Mellom anna samtalar med alle elevane i ungd.skulen og barneskulen. Deltar i spes.-pedteam og samarbeider med helsesøster	Heile året	Rektor Sosiallærar b.steg og u.steg
Helsetenesta	Tilgjengeleg på faste kontordagar på skulen kvar veke	Heile året	Helsesøster
Felles friluftsaktivitetar	Tur til Roaldsfjorden med alle elevane	Haust	Alle
Fellessamlingar for heile skulen	Jul – og sommaravslutning	Etter oppsett plan	Rektor/ Plangruppe Elevråd
Aldersblanda temadagar Aldersblanda	Fagdagar Aktivitetsdag på ungd.trinn der påtroppande 7. trinn er med i aldersblanda grupper	Haust/vår Vår	Team 1 – 4, 5 – 7 og 8 – 10. Team 8 -10
Musikal / juleforestilling		Anna kvart år	Team 1 – 4 Team 5 - 7

På klassenivå

Kva	Innhald	Når	Ansvar
Klassereglar	Utarbeidd på grunnlag av verdiane til skulen. Heng synleg i klasseromma.	Skulestart	Kontaktlærar
Følgje opp sosialplanen	Gjennomføre dei tiltak/aktivitetar som ligg i planen for steget	Sjå plan	Kontaktlærar Sosiallærar
Klassemøte	Foreldremøte/Samtalar	1-2 gonger per år	Kontaktlærar
Felles lunsj/frukost		1–2 gongar per år	Team 8 - 10 Team 5 – 7 Team 1 - 4
Fair play cup	Deltaking i cup - Våge	Mai/juni	Team 5 - 7
Juleball	Fest for mellomsteget	Desember	Team 5 – 7
Leirskule	For 7. klasse, saman med nye elevar frå Espevær	Vinter	Kontaktlærar
Turstiar	Gå turstien klassen har fått tildelt	1 gong per år	Kontaktlærar
Avslutning av skuleåret	Klassekontaktane lagar avslutning saman med elevane	1 gong per år	Foreldra
Klassemøte	Aktuelle saker frå elevrådet og skulemiljø	Etter behov	Kontaktlærar

På elevnivå

Kva	Innhald	Når	Ansvar
Elevsamtale	Jamlege samtalar og tilbakemeldingar.	Gjennom heile året	Kontaktlærar
Foreldre/elev-samtale	Fagleg og sosial utvikling to gonger per skuleår Skal ta opp spesielt om eleven opplever mobbing på skulen/skulevegen. Tilbakemelding til rektor på eige skjema.	Haust Vår	Kontaktlærar Kontaktlærar
Fadderordning 1. og (5) 6. klasse	(5) 6. klasse er fadrar for 1. klasse. Bli kjende og hjelpe til med at 1.klassingane finn seg til rette og trivest i friminutta. Planleggje aktivitetar og leike saman, spesielt ved skulestart Ansvar for sine fadderungar når heile skulen er på tur.	Ved skulestart og ved høve gjennom året	Lærarane på 1. og (5) 6. steget
	Aktivitetar saman med fadrane sine 1-5 og 6 - 10	1 gong i halvåret	Kontaktlærarane

Forskningsbasert kunnskap seier at følgjande råd til skulen kan hjelpe til i høve til å redusera og motverka krenkande åtferd:

- Skuleleiar og lærarar må ta ansvar for å stoppa krenkande ord og handlingar
- Elevar som fortel om krenkande ord og handlingar skal bli tatt på alvor
- Skulen må møte foreldre/føresette med tillit og respekt
- Dei vaksne må gripa inn med ein gong krenkande åtferd blir oppdaga
- Arbeidet med eit godt læringsmiljø førebyggjer tilfelle av krenkande ord og handlingar
- Skulen skal ha eit systematisk og langsiktig arbeid mot krenkande ord og handlingar
- Skulen sitt arbeid med arbeidsmiljøet skal vera kunnskapsbasert
- Det skal vera synlege vaksne til stades på alle skulen sine arenaer
- God klasseleiing motverkar bruk av krenkande ord og handlingar

5. Aktivetsplikta / Avdekking

§9A-4 Aktivetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt skolemiljø.

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

- Plikt til å følgje med
- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å varsle
- Plikt til undersøke
- Plikt til å setje inn eigna tiltak

Vert ikkje aktivetsplikta oppfylt kan tilsette straffast med bøter eller fengsel i inntil 3 månader, jf. Opp-læringslova §9A-7

Avdekking kan vera at tilsette, elevar eller foreldre melder frå om hendingar om at elevar opplever krenkande ord og handlingar. Skulen skal sikre at elevane si subjektive oppleving kjem fram, og at eventuelle tiltak vert sett i gang så raskt som mogleg.

6. Nulltoleranse og systematisk arbeid

§ 9A-3 Retten til eit trygt og godt skolemiljø

*«Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitelet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.»*

Faresignal/kjenneteikn på krenking:

- Aukande fråvære frå skulen/kroppsøvingstimar
- Vondt i magen/hovudet spesielt om morgonen, mange fråværsmeldingar
- Få venner, går/står ofte åleine
- Engstelag, sein til å forlate klasserommet i friminutta/vil ikkje ut/søkjer kontakt med lærar
- Humørsvingingar/tar lett til tårene/aggressiv i konfliktar
- Søker yngre venner
- Ofte deprimert
- Plutseleg fagleg tilbakegang
- Øydelagde klede/fysiske skader
- Teikn på seksuell trakassering
- Vert brukt/narra til å gjere dumme ting

Ved Hillestveit skule skal alle elevar og føresette oppleva å bli tatt på alvor om dei kjem til skulen med bekymring om at ein elev blir utsett for krenkande ord og handlingar. Skulen skal ta ansvar og initiativ for å stoppe slik åtferd, og å følgje opp etter at tiltak er sett i verk.

Når elev, føresette eller tilsette ved skulen har avdekkja at elevar blir utsett for krenkande ord og handlingar, skal skulen sikre ei sakshandsaming og oppfølging i tråd med lover og forskrifter. Viser også til forvaltningslova.

Rutinar for aktivitetsplikt og tiltak

1. Dersom ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen:
 - Straks varsle rektor
 - Saka skal straks undersøkast
 - I alvorlege tilfelle varslar rektor skuleigar
2. Når elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt:
 - Finn tiltak som gjer at eleven får eit trygt og godt skulemiljø
3. Når undersøking viser at eleven ikkje har det trygt og godt:
 - Finn tiltak som gjer at eleven får eit trygt og godt skulemiljø
 - Innoverte elevar blir høyrd
4. Når det skal lagast tiltak i ei sak:
 - Skulen lagar skriftleg tiltaksplan, og i planen skal det stå:
 - a. Kva problem saka skal løyse
 - b. Kva tiltak skulen skal planlagt
 - c. Når tiltaka skal gjennomførast
 - d. Kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka
 - e. Når tiltaka skal evaluerast

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.

Tilsett ved skulen krenker ein elev (§9A-5)

1. Dersom ein tilsett ved skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen utset ein elev for krenking av noko slag:
 - a. Straks varsle rektor
 - b. Rektor varslar skuleigar

Dersom det er ein i leiinga av skulen som står bak krenkinga:

- a. Straks varsle skuleigar direkte
- b. Undersøking og tiltak etter §9 A-4

Tiltaksplan ved krenking av elev-elev

1. Når det vert meldt frå om eller oppdaga krenking, skal følgjande prosedyre følgjast:
 - a. Den som får melding om eller oppdagar overgrepet skal stoppe den aktuelle situasjonen
 - b. Alle som oppdagar krenking skal gripe inn og melde frå til kontaktlærar og rektor, og signalisere at dette ikkje vert godteke og at saka vert følgd opp.
 - c. Rektor har ansvar for korrekt sakshandsaming i lovverket
 - d. Kontaktlærar har straks ein samttale med offeret. Andre tek over klassen.
 - e. Beskriv hendinga, mål og tiltak skriftleg
 - f. Gi støtte ved å seie at du veit om hendinga og at skulen skal hjelpe
 - g. Informer om korleis skulen skal arbeide med saka.
 - h. Gi stabil oppfølging – avtal nytt møte
2. Samtal med dei som har vore med på krenkinga ein og ein.
 - a. Beskriv hendinga, mål og tiltak skriftleg
 - b. «Gå rett på» mobbaren og understrek alvoret i situasjonen
 - c. Ikkje godta bortforklarings – still spørsmål – «Kva kan du straks gjere for å få slutt på mobbinga?»
 - d. Tilby samarbeid – bruk fantasien for å finne ut kva du kan få eleven med på
 - e. Informer om korleis skulen skal arbeide med problemet framover
 - f. Legg vekt på eleven sine positive sider, og gjer det klart det er krenkinga som ikkje vert godteken
 - g. Avtal dato for neste møte
3. Vurder om det skal haldast meklingsmøte. Bli einige om tiltak og mål.
 - a. Kontakt føresette til både offer og mobbarar
 - b. Heile personalet vert informert og ekstra inspeksjon vert vurdert
 - c. Skriftleg plan for tiltak og dokumentasjon av det som er gjort vert arkivert i elevmappene
4. Det er viktig med dokumenterte oppfølgingsmøte. Føresette skal haldast informerte undervegs.
5. Kontaktlærar og rektor vurderer om andre i hjelpetenesta skal involverast.

Aktuelle tiltak ved krenking av medelev:

- Mobbar sit på rektrkontoret i friminutta
- Ekstra tilsyn i friminutta
- Mobbar må gå saman med lærar som har inspeksjon i friminutta
- Tap av friminutt
- Mobbar må komme/gå – før/etter skuletid
- Følgje til/ frå skulen
- Utføre ulike arbeidsoppgåver
- Mobbar vert utvist frå skulen
- Mobbar må bytte skule

NB!

Eleven si oppleving av å ikkje ha eit trygt og godt skolemiljø skal alltid utløyse aktivitet og tiltaksplikt. Tiltaksplikt er uavhengig om eleven ønskjer det.

7. Kontinuerleg, langvarig og systematisk arbeid

§9a-3 Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitel blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette.

Det er viktig at det vert arbeidd systematisk gjennom heile skuleåret. Arbeidet skal vera gjennomtenkt og etter ein plan. Denne må innarbeidast slik at det vert rutine for tilsette å følgja prosedyrane når det vert jobba med saker som gjeld det psykososiale miljøet til elevane.

Skuleleiinga har ansvaret for oppfølginga av skulen sitt systematiske arbeid. Skulen si leiing, ved rektor, skal sjå til at det systematiske arbeidet er aktivt og etter planen.

Denne planen skal bidra til at elevane ved Hillestveit skule opplever eit trygt og godt skolemiljø. For å sikre at dette vert eit levande plandokument, må planen vera kjend for alle partane i skolemiljøet.

Skulen har følgjande rutinar:

	Rutine	Tidspunkt	Ansvar
1	Skulen sine tilsette går gjennom planen og drøftar spesielt: <ul style="list-style-type: none">• Kva er eit godt psykososialt miljø?• Kva er krenkande åtferd?• Kor tid grip me inn?	Ved skulestart	Rektor/teama
2	Skulen sine planar og tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid pregar skulekvardagen	Gjennom heile skuleåret	Skuleleiing Plangruppe Sosiallærarane
3	Den sosiale planen med tiltak på kvart steg vert gjennomført. Fellessamlingar vert gjennomført etter oppsett plan	Gjennom heile skuleåret	Lærarane Sosiallærar Leiing/plangruppe
4	Ordensreglementet vert gjennomgått, både forskrift og eigne reglar for Hillestveit skule	Haust	Lærarane
5	Føresette vert gjort kjende med planen og ordensreglementet. Skal ligga på skulen sine heimesider.	Haust	Rektor Kontaktlærar
6	Tiltak som gjeld skalemiljøet vert teke opp i elevrådet	Haust/Vår	Lærarkontakt for elevråd
7	Resultat av elevundersøkinga vert grunnlag for drøftingar/-tiltak i <ul style="list-style-type: none">• Personaleet• Elevrådet• FAU• Skalemiljøutvalet	Haust	Rektor Sosiallærar
8	Oppsummering av elev- foreldresamtalane vert levert til rektor. Funn vert undersøkte og følgd opp	Haust/vår	Kontaktlærar Rektor
9	Skulen skal evaluera sitt førebyggjande og haldningsskapande arbeid kvart år. Evaluering og revidering skjer i personalmøte, elevråd, FAU og skalemiljøutvalet	Kvar vår	Rektor
10	Vakt og inspeksjonsordning skal evaluerast to gonger i året	Haust og vår	Teamleiar Rektor
11	Rapportering i pedagogisk årsmelding – status for arbeidet med det psykososiale elevmiljøet	Vår	Kommunalsjef